

Årsmøte

2022



Velkommen til årsmøte 20. mars 2022

Sakliste

- 1. Opning av årsmøtet**
- 2. Godkjenning av dei røysteføre**
- 3. Val av møteleiar, sekretær og to til å skrive under møteboka**
- 4. Godkjenne innkalling, sakliste og møtereclar**
- 5. Årsmelding 2021**
- 6. Revidert rekneskap, revisormelding og melding frå kontrollutvalet 2021**
- 7. Kontingent og treningsavgift for 2022**
- 8. Organisasjonsplan 2022**
- 9. Budsjett 2022**
- 10. Val**
- 11. Godkjenning av gruppestyra**
- 12. Innkomne saker til årsmøtet**
- 13. Open post**

Sak 6 Årsmelding frå hovudstyret 2021

Hovudstyret 2021

Hovudstyret i 2021 har vore arbeidsutvalet i lag med gruppeleiarane.

Arbeidsutval og grupper 2021

ARBEIDSUTVAL		Neste valår
Leiar	Else Margrethe Larsen	2022
Nestleiar/studiesekretær	Karoline Aldis Bjerkeset	2022
Kasserar	Kjellfrid Åsnes Gloppestad	2023
Vara til styret	Jon Kåre Lundestad	2022

ØKONOMI		Neste valår
Leiar	Børre Tystad	2022
	Eli Evebø	2022
	Knut Åge Hauge	2022
	Roger Sunde Andenæs	2023
	Jon Erik Aske	2023

BARNEIDRETT		Neste valår
Leiar	Egil Fjellestad	2022
	Kevin Skinlo Denton	2022
	Bodil Hjelmeset	2022
	Bodil Fjellestad Eikrem	2023
	Marius Aske	2023

SKI		Neste valår
Leiar	Astrid Fjellestad Hauge	2022
	Øyvind Seim	2022
	Arne Nesgård	2022
	Gunnar Fjellestad	2023
	Benny Hansen	2023
Vara	Jonfinn Aske	2022

FRIIDRETT		Neste valår
Leiar	Dagfinn Nyhammer	2022
	Kjersti Bjotveit	2022
	Else Lundestad Bakkeliid	2023
	Arne Klakegg	2022
	Magne Ravnestad	2023
Vara	Lars Anders Hoel	2022

TRIMUTVALET		Neste valår
Leiar	Bård Kjetil Aske	2022
	Dag Apalset	2022
	Edvard Fjellestad	2023

Vara	Kjell Jørgen Slettvoll Rune Hauge	2023 2023
------	--------------------------------------	--------------

ORIENTERING (ikkje aktiv gruppe – kun kontaktperson)		Neste valår
Leiar	Vidar Eide	2022

VOLLEYBALL		Neste valår
Leiar	Birte Fossheim	2022
	Kari Søreide	2023
	Bente Egge Søvde	2023

HANDBALL		Neste valår
Leiar	Siv Anita Drageset	2022
	Benedikte Hatledal	2022
	Janne Katrin Føleide	2022
	Kenneth Fure	2023
	Lars Erik Fjellestad Tystad	2023

Kontrollutval/revisjon		Neste valår
Vara	Magne Vereide	2022
	Oddrun Slagstad	2023
	Sigbjørn Heggdal	2022

VALNEMND		Neste valår
Leiar	Olin Astrid Austrheim	2022
	Erling Sande	2023
	Grete Liv Tisthamar	2024

Representasjon

Representasjon kjem fram under dei ulike gruppene.

Medlemsoversikt 2021

Tal medlemmar har gått ned med 19 medlemmar sidan 2020. Det er litt nedgang i aldersklassane mellom 6 til 25 år, medan gruppa over 25 år har auka. Situasjonen med korona har påverka medlemstalet, så vi har ein jobb å gjere med å rekruttere nye medlemmar blant dei yngre. Fjellhug/Vereide IL er ein rekrutteringsklubb for dei over byggande klubbane, så det er viktig at vi har aktive medlemmar i dei yngre aldersgruppene.

	0 – 5 år	6 - 12 år	13 – 19 år	20 – 25 år	Over 25 år	Totalt
Menn	7	38	39	8	126	217
Kvinner	3	30	41	6	100	178
Totalsum	10	68	80	14	226	395

Medlemsavgift og treningsavgift

Laget ligg på eit moderat nivå når det gjeld medlems- og treningsavgift slik at flest mogleg skal kunne delta i aktivitetane.

	Medlemsavgift	Treningsavgift
Born 0 – 10 år	200 kr	0
Born 11 – 19 år	200 kr	350
Vaksne	300	500

Styrearbeid

Styret har hatt 4 styremøte i meldingsåret der det både har vore fysiske styremøte og digitale styremøte på Teams grunna covid-19-pandemien. Arbeidsutvalet (AU) har hatt førebunde møte i samband med styremøta. Det har og vore kommunikasjon mellom styret og mellom medlemmar i AU på e-post og sms.

Viktige hendingar

Heidersprisen 2021 vart delt ut til Arne Nesgård i skigruppa i Fjellhug/Vereide IL. Han har vore med i skigruppa i fleire år, men har lang fartstid på treningar og arrangement i fleire år. Han er alltid positiv og hjelpsam uansett om det er mange minusgrader eller regn i skiløypa. Han er særskild dyktig med born og unge og tek vare på leiken. Han har bestandig eit godt og smittande humør, motiverer og har eit godt lag med borna. Arne var med på inkluderingsprosjektet til Fjellhug/Vereide IL i 2021 med skileik, snowracer og grilling. Fjellhug/Vereide IL er taknemleg for engasjementet og Arne sitt store bidrag for å få born og unge til å trivast med idrett og ski!

I samband med utgåande sponsoravtalar i 2021, har styret rullert og vedteke oppdatert sponsorstrategi. Denne legg grunnlaget for samarbeidet vår med våre sponsorar og nye sponsoravtalar. Sponsorutvalet og arbeidsutvalet har arbeidd med å få ny avtale med hovudsponsor og forlenga og fornya andre sponsoravtalar som er gjeldande over fleire år.

Laget har i lang tid arbeidd med å få til ei opprusting av friidrettsbana på Vereide. Idrettslaget fekk avslag frå kulturminnestyresmaktene og sendte ei anke til Riksantikvaren. Riksantikvaren opprettheldt avslaget og laget får difor ikkje gå vidare med planane om opprusting av eksisterande friidrettsbane på Vereide.

Fjellhug/Vereide IL er med i prosjektgruppa for oppgradering av Idrettsplassen på Sandane, med leiar i laget og leiar frå friidretten som deltakarar i prosjektgruppa. Prosjektgruppa som har arbeidd med Idrettsplassen er representert ved STIL – fotball og friidrett, Gloppen idrettsråd, Firda vidaregåande skule, Gloppen ungdomsskule, Fjellhug/Vereide IL og Gloppen kommune. Det er eit behov og ynskje om å ruste opp Idrettsplassen slik at den er tenleg for fotballen, friidretten og for Firda vidaregåande skule. Det har vore arbeidd aktivt politisk, søkt om spelemiddelfinansiering og støtte frå sponsorar. Prosjektet har stagnert og det har ikkje vore noko aktivitet i 2021 grunna utfordringar knytt til spelemidlar og den økonomiske situasjonen til Gloppen kommune.

Koronastatus

Også dette året har vore prega av koronasituasjonen. I den grad ein har hatt lov til å drive aktivitet, så har ein gjennomført dei treningane og arrangementa som har vore mogleg. Stor takk til dei som er gruppeleiarar, trenarar og støtteapparatet rundt, det har vore mykje ekstraarbeid for dei.

Vi ser at medlemstalet har gått noko ned i dei yngre gruppene, difor vil rekruttering av barn og ungdom vere ei viktig sak for laget i 2022.

Årsmøtet 2021 vert haldt fysisk på Gloppen hotell med dei restriksjonane som var naudsynte.

Norges idrettsforbund har også i år hatt kompensasjonsordningar knytt til korona, men vi har diverre ikkje kome innfor dei råmane.

Økonomigruppa har arrangert basar og dugnadar som gjev inntekter til laget, dei er ein viktig bidragsytar til laget sin økonomi.

Syner elles til årsmeldingane frå dei einskilde særidrettsgruppene.

Sponsorar

Fjellhug/Vereide IL sitt samarbeid med lokale sponsorar og samarbeidspartar er viktig for at vi kan drifte idrettslaget og skape aktivitet for medlemmane våre.

Sponsorar for Fjellhug/Vereide IL 2021 har vore:

- *Olav Hjelmeset AS – hovudsponsor*
- *Leiv Austrheim AS – støttespelar*
- *Sandane kiropraktor Ida Seim – einskildsponsor (drakt)*
- *Rema 1000 – einskildsponsor (drakt)*
- *Advokat Jan Erik Mardal/Gloppen eigedomsmekling (einskildsponsor – skilt)*
- *Nordfjord laks AS – einskildsponsor (skilt)*

I tillegg har vi og eit godt samarbeid med *Intersport Henden AS* som leverer treningstøy til idrettslaget. Avtala med Intersport er reforhandla og vi ser fram til eit vidare godt samarbeid.

Sponsorar på einskildarrangement 2021 har vore:

- Frydenbø
- BANO
- Accountor
- Nordfjord Laks AS
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Energi

Fjellhug/Vereide IL takkar våre sponsorar for godt samarbeid i året som har gått.

Sluttord frå leiar

Fjellhug/Vereide IL sitt føremål er å fremme idrett ved samarbeid og kameratskap i sunne former. 2021 har og vore prega av koronasituasjonen, men vi har i større grad enn året før fått gjennomført aktivitetar og arrangement. Vi ser at manglande tilbod knytt til aktivitetane våre, gjer at dei yngre fell i frå.

Som leiar i laget er eg ekstra stolt av å kunne bidratt med aktivitet i 2021 for dei som elles ikkje deltek i like stor grad innan idretten. Laget søkte og fekk tildelt midlar frå Buf-dir, som gjorde det mogleg å arrangere aktivitetar innan ski og friidrett. Tilbodet vart teke godt imot og det var god deltaking. Deltakarane synte verkeleg stor idrettsglede. Eg vil rette ei ekstra takk til dei som stilte opp for at vi kunne gjennomføre arrangementa.

Eg rettar ei stor takk til gruppeleiarane og støtteapparatet rundt, det har vore mykje ekstra arbeid knytt til pandemien.

Ein stor takk til sponsorar og støttespelarar, dei er viktige for å fremje aktivitet for medlemmane i Fjellhug/Vereide IL.

Eg vil rette ein stor takk til styret for godt samarbeid i året som har gått og ein takk til kontrollutvalet.

Helsing leiar i Fjellhug/Vereide IL

Else Margrethe Larsen

Årsmelding frå skigruppa

Gruppestyret

Leiar: Astrid Fjellestad Hauge

Medlemmar: Sverre Nesdal Aske, Øyvind Seim, Arne Nesgård, Jan Roger Engeset, Jonfinn Aske (vara). Sverre Nesdal Aske og Jan Roger Engeset takka for seg etter mange år i gruppa, men dei held fram med å engasjere seg på Kleivane. Nye medlemmar som kom inn i gruppa for 2021 er Benny Hansen og Gunnar Fjellestad.

Leiar eller andre har delteke på styremøta i laget. Arne Nesgård er skigruppa sin person i sponsorgruppa. Gruppa har delteke på basaren og andre dugnader i regi av Fj/V.

Representasjon

Even Nesgård og Andre Aske Granheim er med på krinslaga i langrenn

Sesongen 2021

Heile sesongen vart prega av korona-pandemien. Det vart arrangert nokre renn rundt om i fylket tidleg i sesongen. Vi hadde alt klart til Kleivanerennet, men pga smittesituasjonen vart det avlyst. Det vart heller ikkje arrangert karusellrenn eller Rypeskarrenn.

Vi hadde nokre treningskveldar for barn, der det var ca 30 pr gong og stor aktivitet rundt stadion. Det var synd vi ikkje kunne arrangere karusellrenn for desse ivrige barna, men det var mange avgrensingar å ta omsyn til.

Det var lite snø etter jul, men vi hadde løyper i lysløypa, på vegane og rundt støyane. På fjellet var det lite snø, og det må vere mange år sidan sist det ikkje vart køyrt løype på Haugsvarden. Folk var flinke å kome seg ut likevel, so det var bra med aktivitet rundt om i løypene heile sesongen.

Vi fekk ein del pengemidlar frå Bufdir og idrettskrinsen i 2020 til aktivitet for ungdom. Sidan det var lite snø og nedstenging i 2020, fekk vi overført midlane til 2021. Det vart ikkje mykje enklare pga smitte og litt dårlege skiforhold denne sesongen, men Arne Nesgård og Else Margrethe Larsen la ned ein stor jobb med å få arrangert ein skidag på Kleivane og ein på Utvikfjellet, med hjelp av fleire gode hjelparar. Det vart kjøpt inn ein del utstyr, leigt buss frå Sandane og kjøpt inn mat til alle som deltok. Det var flest innvandrarar som fekk prøve seg på snø med ski, akebrett, sklimatter med meir - veldig vellukka dagar.

Hausten 2021 kom snøen tidleg, i slutten av november vart det allereie køyrt løyper. Rett før jul fekk Arne og co gjennomført skitrening/skileik for barna. Over 20 stk hadde ei flott økt der oppe. Men so reiste snøen att, og vi må vente til etter jul, og håpe på ein fin vinter.

Anlegg og maskiner

Løypekøyrarane hadde ikkje fri, sjølv om koronaen herja! Magnar Solheim, Ronny Solheim, Sverre Nesdal Aske, Birger Berge og Stein Hauge køyrde løyper heile vinteren. Det går nokre timar kvar dag, men dei/vi får mykje skryt for dei flotte løypene. TUSEN TAKK, KARAR!!

Magnar og Birger syter for at maskinene er i orden, og det har heldigvis ikkje vore store problem.

Det var att litt bark frå i fjor, og den vart lagt i resten av løypa, so no ser det bra ut. Vi treng ikkje mange cm snø før det går å køyre løyper. Røra som vart lagt ned i elva ved Austrheimsstøylen for å gjere det enklare å kome over elva med maskina, fungerte veldig fint. No køyrer dei løype innover vegen forbi Austrheimsstøylen til Bjørndalen og. Kjekt med fleire alternative løyper!

Avslutning

Etter nok ein koronasesong får vi håpe at 2022 blir tilbake til det gamle, med skirenn, skileik og normal aktivitet for alle. Ei stor takk til grunneigarar og trufaste sponsorar som støttar opp om arbeidet som blir lagt ned på Kleivane.

Då håpar vi på ein flott vinter med normale tilstandar i 2022.

Velkomne i skigruppa og til Kleivane skisenter!

For skigruppa

Astrid Fjellestad Hauge

Årsmelding frå friidrettsgruppa

Gruppestyret 2021

Dagfinn Nyhammer (leiar), Kirsti Bjotveit, Arne Klakegg, Magne Ravnestad, Else Lundestad og Lars Anders Hoel (vara). Friidrettsgruppa organiserer trimmen i eit eige utval, Trimutvalet, med Bård Kjetil Aske som leiar. Sjå eiga melding frå dette utvalet.

Møte: Vi har halde 2 gruppemøte, elles vert kontakten i gruppa ivareteken via SMS, e-post og Messenger.

Representasjon

Dagfinn Nyhammer er leiar i Dommarutvalet i Sogn og Fjordane Friidrettskrins, Birger Berge medlem i same utvalet. Leiaren i gruppa er med i jubileumsbok-nemnda. I oktober deltok leiaren på «Idrettens Møteplass» i Sogndal, arrangert av Idrettskrinsen.

Utdanning

Det har ikkje vore halde kurs i friidrettsgruppa i 2021.

Medlemstalet i gruppa er nok om lag det same som det har vore siste åra. Totalt omlag 200 er aktive på ein eller annan måte organisert av friidrettsgruppa, inkluderte dei som tek del i trim-aktivitetar, som t.d. fjelltrimmen og mosjonsparti.

Stemne/arrangement

- Nordstrandsløpet - landevegsløp (medarrangør: Nfj. folkehøgskule)
- Svinestranda Opp
- Gloppen Halvmaraton
- 2 seriestemne
- Medarrangør på innandørsstemne i Trivselshallen
- Medarrangør på Gloppenmeisterskapen i friidrett
- Medarrangør av Sparebankleikane



Frå innetrening i Trivselshallen saman med STIL.

Pga. koronapandemien vart KM terrengløp avlyst.

Trening og konkurransar

Det er innetrening i Firdahallen i vinterhalvåret saman med STIL. Det har vore god oppslutning våren 2021, med 12-13 frå Fjellhug/Vereide, noko mindre hausten 2021.

Våren og hausten 2021 hadde vi utetrening på Vereide med god oppslutning. Vi kjøpte inn Fjellhug/Vereide t-skjorter til i alt 12-14 born som møtte jamt på trening, og det var kjekt å sjå dei igjen i raude skjorter på Sparebankleikane og seriestemna på Byrkjelo





Frå integreringstreninga vår på Byrkjelo.

Gjennom m.a. BUFDIR fekk idrettslaget ein god sum pengar til å skape aktivitet for born og ungdomar som kanskje ikkje så lett kom seg på trening. Vinteren 2020/2021 vart det for midlane skipa til aktivitet på Kleivane og Utvikfjellet.

Vi fekk også godkjenning til å bruke resterande midlar på å skape integreringstrening gjennom friidrettsgruppa i september. Dermed skipa

vi til 3 treningskveldar, der vi leigde inn buss Sandane-Byrkjelo, vi kjøpte inn noko utstyr, og ikkje minst fekk deltakarane sponsa t-skjorter og shortsar. Det vart tre fantastiske friidrettskveldar på Byrkjelo, der alle var gjennom hopp, løp og kast. Som avslutning på treningskvelden var det smoothie og bollar (og frukt).

Løpebana på Vereide

Fjellhug/Vereide IL anka avslaget frå Kulturminneavdelinga i Vestland Fylke om å få rehabilitere løpebana på Vereide. Jonsokafta, 23. juni, kom det ein delegasjon frå Riksantikvaren og Vestland fylke for å sjå på anlegget. Fjellhug/Vereide møtte med leiar i laget, leiar i friidrettsgruppa, og vi hadde også ordføraren med oss på synfaringa. Det vart brukt god tid på Vereide, og i eit etterfølgjande møte på Heradshuset.

Den 1. november kom meldinga tilbake frå Riksantikvaren: «Riksantikvaren finn ikkje at det er grunnlag for å endre Vestland fylkeskommune sitt vedtak av 11. november 2021»



Trening på Vereide.

Dermed er løpebana på Vereide historie, sjølv om den framleis ligg der fysisk. Avtalen med Opplysningsvesenets fond vil bli oppsagt av idrettslaget, grunngjeve med at OVF har auka festeavgifta frå om lag kr. 500,- i året til kr. 9100,- pr år, dersom avtalen skulle vidareførast.

Dei store arrangementa

Gloppen Halvmaraton (GH)

Fjorårets GH hadde rekorddeltaking trass at det var første året med covid-pandemi. Då måtte det ca 180 løparar. Vi var difor spente framfor GH 2021, der det var mindre covid-restriksjonar. Deltakartalet stoppa på om lag 140, noko vi også måtte vere godt nøgde med.

Dette vart den verkelege generalprøven på NM halvmaraton, som Fjellhug/Vereide IL skal arrangere i 2022. M.a. tok vi i bruk EQ-timing som tidtakarsystem, der vi leigde inn Jølster IL som operatørar. Dei gjorde ein god jobb, og fekk testa opplegget framfor 2022-arrangementet.

Erfaringane som vi fekk i -21-arrangementet, vil komme godt med under NM. Spesielt med tanke på tryggleik i trafikken fekk vi gode erfaringar, og dette er eit område som vil bli enno meir fokus på under NM, m.a. med ein større del av løypa avsperra for trafikk.

Det vart også eit fint overskot på arrangementet, takka vere lokale bedrifter som er kjempeflinke til å støtte opp. Her må nemnast spesielt Frydenbø, BANO, Accountor, Nordfjord Laks, SFE og Sparebanken Sogn og Fjordane. Vi ser heldigvis ut til å ha dei fleste av desse med vidare til komande Gloppen Halvmaraton.



Torbjørn Ludvigsen, Varegg og Sverre Nesdal Aske, Fj/V på veg mot Svinestranda

Svinestranda Opp (SO)

Om lag 70 løparar melde seg på årets Svinestranda Opp, noko vi var svært nøgde med.

Det var strålende ver, og svært gode resultat. Torbjørn Ludvigsen, Varegg sette ny løyperekord med tida 47,05. I dameklassen vann Karoline Holsen Kyte, Førde på den gode tida 56,50, berre 14 sekund bak hennar eigen løyperekord.

Av våre eigne vart Mathias Nesgård og Sverre Aske klassevinnarar.

Resultat 2021

Det har vore få banestemne dette året, og dermed lite resultat å hente frå ulike arrangement. Dei som no er med på friidrett er også så unge enno at det vert ikkje reist på stemne utanfor kommunen. I friidrettsgruppa håpar vi det vil verte ei endring på dette i framtida.

Vi tek likevel med at Sverre Nesdal Aske, Fjellhug/Vereide og Marhias Nesgård, Fj/V har delteke på ulike motbakke- og fjelløp også i år, med gode resultat. Sverre vann sin klasse både på Svinestranda Opp og Gloppen Halvmaraton, og sette til og med pers på GH med 1.16,55, og med totalt 3. beste

tid! Liv Jorun Andenæs starta også for Fjellhug/Vereide på GH, og vart klassevinnar med den gode tida 1.39,45.

Oppsummering av sesongen 2021

Dette var 2. året under covid-pandemien. Sjølv om smittetrykket i Gloppen ikkje har vore så høgt samanlikna med andre stader, har likevel idretten fått merke restriksjonane som har lagt i botn for å drive idrett. Også skepsis til tettare samvær med andre har også lagt dempar på aktivitetane. Pga. pandemien måtte vi avlyse Trivselshalleikane i januar, og av same grunn også KM i terrengløp. Vi fekk gjennomført både Svinestranda Opp og Gloppen Halvmaraton. Vi har også fått gjennomført dei treningane som var planlagt for dei minste.

Friidrettsgruppa har også dette året jobba godt for friidretten i laget og kommunen, spesielt med tanke på dei store arrangementa vi tek på oss. Dette trur vi er viktig av fleire grunnar. Vi set Fjellhug/Vereide IL på idrettskartet, vi gjer idretten og kommunen kjend for fleire, og ikkje minst skaffar vi gode inntekter for laget. Sponsoravtalane som er knytt til Svinestranda Opp og Gloppen halvmaraton var også gjeldande for dette året. Tusen takk til Frydenbø, BANO, Accountor, Nordfjord Laks, Sparebanken Sogn og Fjordane, og Sogn og Fjordane Energi for positivitet og interesse! Dei fleste av desse er med oss inn i 2022, noko vi er svært glade for!

I tillegg til å arrangere stemne sjølve, er vi også medarrangørar for andre stemne i kommunen, m.a. Sparebankleikane på Byrkjelo. Både til våre stemne, og fellesstemna, treng vi ofte mange og gode funksjonærar. Vi er difor veldig glade når vi får eit ja til å stille på! Tusen takk til foreldre og andre for at de hjelper oss når vi ber om det. Det vi no treng er påfyll av nye krinsdommarar, og det er plan om kurs i mars 2022.

No ser det ut til av covid-pandemien forhåpentlegvis snart er historie. Dermed kan vi også få gjort meir av det vanlege idrettsarbeidet i klubben. Som leiar i friidrettsgruppa er det mitt store ønskje at foreldra vil sende borna på friidrettstreninga vår, slik at vi vidare kan oppretthalde denne delen av Fjellhug/Vereide IL sin tradisjonelle aktivitet.

Friidrettsgruppa v/ Dagfinn Nyhammer

Årsmelding trimgruppa

Gruppestyret

Bård-Kjetil Aske (leiar), Dag Apalset, Edvard Fjellestad, Rune Hauge, Kjell Jørgen Slettevoll. Trimutvalet har heller ikke i år hatt egne gruppemøter.

Treningar

Treningar 2021 blei eit år prega av covid-19 så det var ikke organiserte treningar før langt utpå hausten.

- Sirkeltrening på mandagar starta tidleg i november og har helde det i sving etterpå.
- Sterk og stødig for dei litt eldre starta i september og tok pause i starten av desember for køyre i gang igjen 20.01. Astrid Søreide, Johan Moldestad og Sigtor Tveit er dei som leiar denne gruppa.
- Ungdomsgruppa som spelar fotball på folkehøgskulen hadde nokre treninger i fjor haust, tok pause og starta igjen i starten av februar. Kai Arne Svarstad leiar treningane her.

Fjelltrimmen

Fjelltrimmen blei ikke veldig påverka av pandemien. Det var 10 416 registreringar dette året som er 800 meir enn i 2020. På grunn av lite snø blei det ikke køyrt løype på Haugsvarden som nok hadde vore meir besøkt viss så hadde vore tilfelle. Størst auke i trafikken hadde Blånibba med 1414 registreringar. 2 stk fekk 30-årspris i år: Astrid Fjellestad Hauge og Dag Apalset. Gratulerer!

Svinestranda opp 2021

Svinestranda opp vart arrangert 20.06.21. og hadde 71 deltakarar, nest mest i historien til løpet! Vinnar vart Torbjørn Ludviksen fra Bergen som knuste den gamle løyperekorden til Johan Bugge med tida 47.05. Karoline Holsen Kyte blei vinnar av kvinneklassa med tida 56.50. 14 sekund bak sin eigen rekord. Av lokale løparar merka vi oss Jon Rolf Skamo Hope som også hadde betre tid enn den gamle rekorden. Løpet fekk også skryt i bladet Kondis som karakteriserte løpet som eit av Noregs beste motbakkeløp.

Idrettsmerke

Dag Apalset er ansvarleg for idrettsmerke og ca 10 stykk tok merke i fjor.

Årsmelding barneidretten

Vert lagt inn seinare.

Årsmelding volleyballgruppa

Vinter/vårsemester 2021

I vårsemesteret hadde volleyballgruppa desse aktive gruppene:

- Serielag damer 3 divisjon. Trenar Ragnhild Gimmestad og Bodil Hammersland
- Rekruttlag damer. Trenar Eva Linn Fossheim og May Ines Navelsaker
- Rekruttlag herrer. Thomas Veggeland
- Gruppestyre: Birte Fossheim (leiar), Kari Søreide, Heidi Kroken Bruland.

Damelaget fekk ikkje spelt ein einast seriekamp i vårsemesteret. Veldig trist for spelarane som hadde betalt lisens, og fekk berre spelt berre 1 kamp.

Men vi fekk trene! Alle laga har tysdag som treningsdag, og vi hadde trening frå 19. januar til 18. mai. Vi avslutta vårsesongen med ein turnering der vi blanda spelarane frå alle laga. Flott gjeng!





Laget som vann turneringa!

Haustsesongen 2021

I haustsemesteret hadde volleyballgruppa desse aktive gruppene:

- Serielag damer 3 divisjon. Trenar Ragnhild Gimmetstad
- Serielag herrer 3 divisjon. Asbjørn Eikenæs
- Rekruttlag damer. Trenar Eva Linn Fossheim og May Ines Navelsaker
- Aldersbestemt (8-10. klasse). Trenarar Tobias Leirgulen og Sofie Svarstad.
- Gruppestyre: Birte Fossheim (leiar), Kari Søreide, Bente Egge Søvde.

Treningane starta 24. august. Vi hadde meldt på både dame- og herrelag i serie 3. divisjon. Kampene er lagt opp slik at 3 lag møtes, og får spelt 2 lag kvar. Det er også ein god ordning med at dame- og herrelaget har seriekamp



Glade jenter som har vunne eit sett mot Førde!

heime på same dag. Første seriekamp for begge laga var 7. nov i Førde. Gode kampar på begge lag, sjølv om det ikkje blei siger med heim.

21. nov var det heimebane for begge lag, med god volleyballstemning i hallen!



Seriekampar i Trivselshallen 21. november.

Siste seriekampen i desember blei utsett pga korona. Det blei ein amputert avslutning før jul pga strengare smittevern. Vi fekk heller ikkje gjennomført familieturnering i jula slik vi hadde planlagt.

Vi var optimistiske med å få i gang att volleyball for aldersbestemt denne hausten med to trenarar frå idrettslinja på Firda vgs. Dessverre litt dårlig oppmøte med 2-8 på trening, men trenarane har møtt trottig opp frå oktober fram til jul.

Volleyballgruppa 10.02.22

Birte Fossheim

Kari Søreide

Bente Egge Søvde

Årsmelding frå handballgruppa

Vert lagt inn seinare.

Årsmelding frå orienteringsgruppa

Det har ikkje vore noko aktivitet i orienteringsgruppa i 2021.

Årsmelding frå økonomigruppa

Medlemmar

Børre Tystad (leiar), Eli Evebø, Roger Sunde Andenæs, Knut Åge Hauge, Jon Eirik Aske (vara).

Hovudoppgåva til økonominemda er å skaffe inntekter til drift av idrettslaget. Dette har vi gjort ved å arrangere basar, kiosk og dugnader av ulike slag.

Aktivitatar vi har hatt har vore: Kiosk Svinestrandsløpet, servering på Matamål, rigging og rydding mat-telt Sandanedagane, basar på Haugtun, kiosk Gloppen halvmaraton og servering i Gimle.

Aktivitatar

Vi har hatt følgande aktivitatar i 2021:

Kiosk Svinestranda	kr.	1500
Dugnad Sandanedagane	kr.	11000
Dugnad Matamål	kr.	6000
Servering Gimle	kr.	5000
Basar	kr.	64000
Sum inntekter:	kr.	87500
Sum utgifter	kr	10000
<u>Årsresultat</u>	kr	<u>77500</u>

Økonomigruppa vil rette ei stor takk til alle som har vore positive og stilt opp på dugnader, gjeve vinstar til basar, og kjøpt lodd med oss.

Årsmelding frå historienemnda

Arbeidet med jubileumsboka 2021

Mesteparten av intervjuar er no ferdige, men det står att ein del sentrale personar, først og fremst på Vereide Heile arkivet til Fjellhug/Vereide IL er no henta frå Sogn til museet, og kjem til å bli brukt flittig framover

Arne Klakegg m fl er godt i gang med fotomateriale. Vi er komne så langt at sjølve skrivinga av førsteutkast går føre seg for fullt (sjølve skrivearbeidet vart starta opp i januar 2021)

Det blir no i desse dagar skrive om friidrett, orientering og handball. Deretter vert det skrive om ski frå påske og fram til sommarferien. Hausten kjem til å bli brukt på volleyball, og eit kapittel om dei største arrangementa våre. Trimgruppe/fjelltrimmen/barnetrimgruppa blir skrive om i januar og februar 2023. Resten av 2023 skal den allmenne/meir generelle historia skrivast. Halve 2024 skal brukast til sisteutkast, ferdigstilling mm.

Etter eit par år der vi har arbeidd kvar på vår kant, og underteikna har hatt hjelp av enkeltpersonar i nemnda, blir det no litt oftare fellessamlingar for å tenke heilskap i boka

For historienemnda, Øyvind Indrebø